



## Møtereferat

Gruppe/tema: Styringsgruppe kultur og medborgarsap

Møtestad: Ålesund rådhus

Dato: 21.06.18

Tid: kl 10.30-13.15

Møteleiar: Oskar Skulstad

Referent: Anita Øen

<b>Deltakarar:</b>	<b>Kommune/repr.</b>
Oskar Skulstad	<i>Ålesund</i>
Elin Moen	<i>Haram</i>
Åse Karin Gjære	<i>Ørskog</i>
Anita Øen	<i>Sandøy</i>
Magne Fylling	<i>Skodje</i>

Tilstades i delar av møtet var Gro Dalen, Ålesund kommune og Per Langnes, Haram kommune.

### **Astrid Eidsvik innleia i plenum**

Ho informerte om organiseringa i gjennomføringsfase del 2, og gjekk gjennom forslag til mandat/oppdrag for styringsgruppene.

I denne prosjektorganiseringa vil dei nye kommunalområda og stabsområda bli kalla delprosjekt kommunalområde og delprosjekt stabsområde. Alle delprosjekt skal ha ei overordna styringsgruppe

Styringsgruppa for delprosjektet skal sikre at delprosjektet vert gjennomført innanfor gitt mandat og at resultatmåla vert nådd. Styringsgruppa sin leiar rapporterer til prosjektleiar/ ny Rådmann. Styringsgruppa for delprosjektet skal bestå av ein representant frå kvar kommune i tillegg til tillitsvald. Delprosjekta skal leiast av framtidig kommunalsjef eller stabssjef for området. Leiar av styringsgruppa for delprosjektet har myndighet og ansvar til å leie delprosjektet, og saman med styringsgruppa levere dei nødvendige produkta innanfor dei rammer og avgrensingane som er definert. Representantar til styringsgruppa vert oppnemnt av rådmennene i kvar kommune

Ved behov skal det etablerast ulike grupper som skal bistå styringsgruppa for delprosjektet med nødvendig faglig kompetanse og utgreiingsarbeid knytt til konkrete problemstillingar. I tillegg kan det ved behov bli etablert referansegrupper.



Med utgangspunkt i *Forslag til mandat og milepælar* drøfta styringsgruppa:

## **9/18 Arbeidsfordeling**

**Kvart medlem** i styringsgruppa skal for si kommune innehente følgende data:

- Nasjonale og kommunale føringar for området
- Trendar og utfordringsbilete knytt til området
- Relevante nøkkeltall og statistikk, slik som blant anna befolkningsframskrivingar, ev brukarundersøkingar og samarbeidsorgan, KOSTRA-tall, dekningsgrad og økonomiske nøkkeltal mm.
- Dagens organisasjonsstruktur, lokalisering av tenestene og bygningsmasse
- Dagens digitale verktøy/system
- Medarbeidarane sin kompetanse som ressurs – vurdering av behov for framtida

for alle dei 11 tenestemråda:

- Innbyggartorg
- Bibliotek
- Allmenn kultur
- Kulturhus
- Nærmiljøutvikling
- Kulturminneforvaltning
- Frivillig arbeid / Frivilligsentral
- Seniorsenter
- Ungdomsklubb / ungdomsarbeid / ungdomsråd m.m.
- Idrett, anlegg og friluftsliv
- Kulturskule

Åse-Karin opprettar skjema til bruk i kartlegginga

Per og Åse-Karin lagar utkast til mandat for og medlemmar til undergruppe for innovasjon og digitalisering.

Oskar avklarar med prosjektleiar kva som ligg i omgrepet seniorsenter.

Anita skriv referat

Oskar går gjennom intensjonsavtalen og tek ut det som har særskilt relevans for vårt kommunalområde.

Oskar opprettar ferieplan og lastar opp.

Alle fører inn når dei skal ha ferie.



### **10/18 Møteplan fram mot første milepæl**

Ferieavviklinga for dei første startar 23. juni og siste er tilbake frå ferie 3. september. Dette gjer det vanskeleg å treffast som gruppe før første milepæl. Vi legg derfor vekt på fordeling av oppgåver og kontakt med andre som ikkje er i ferie når ein treng innspel.

Neste møte vert i Sandøy kommune tysdag 7. august 2018, kl 09.00-14.30. Anita bookar møterom.